

# KULTURPOSTEN

## AUGUST 2017

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen i Radøy kommune



Odd Matre frå Radøy sogelag i slåttan på Bogatunet.



**RADØY**  
den grønne øya

## Planleggingsmøte - Kulturdagane 2018

Kulturdagane 2018 vert dei siste kulturdagane som vert arrangerte i Radøy kommune. Kulturdagane dette året vert arrangert i perioden 20.-29. april.

Set av datoane i kalenderen, og begynn gjerne å tenka om ditt lag har noko de ynskjer å bidra med.

**Det vert planleggingsmøte for kulturdagane tysdag 12. september kl. 18.00 på biblioteket.**



*Trollkjerringa i Eventyrskogen på Marås. Frå opninga av kulturdagane 2016.*

## Momskompensasjon - generell ordning

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal fordela 1,3 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar i 2017. Desse pengane skal kompensera for kostnader som frivillige organisasjonar har hatt til meirverdiavgift i 2016. **Søknadsfristen er 1. september.**

Les meir om ordninga i vedlagt brev frå Lotteri- og stiftelsestilsynet og på nettsidene deira <https://lottstift.no/tilskotsordningar/om-momskompensasjon-generell-ordning/>

## Midlar til integrering og inkludering

Lag og organisasjonar kan søkje om midlar til inkluderings- og integreringstiltak i Radøy kommune. Tilskotsordninga har som føremål å stimulere til deltaking i kultur- og fritidsaktiviteter for menneske med særskilte behov, samt for flyktningar og innvandrarakar, som har behov for særskilt tilrettelegging for integrering i lokalsamfunnet. Tiltak retta mot barn og unge vert prioritert.

Det kan søkjast om midlar til:

- arrangement som krev særskilt tilrettelegging for deltaking for målgruppene.
- andre tiltak i tråd med målsettinga for tilskotet kan vurderast særskilt.

Det vert ikkje løyvd midlar til å dekke lovpålagte tenester over tilskotsordninga.

Ramma for tildeling er kr 80 000 fordelt med kr 40 000 pr halvår. Søknadsfrist er 1. oktober. Neste søknadsfrist er 1. mars.

## Andre tilskotsordningar

### Leiaropplæring (Radøy kommune)

Det kan gjevast støtte til lag og organisasjonar til å dekkja utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon, sjå <https://radoy.custompublish.com/kulturmidlar>

### Prosjekt- og aktivitetsstøtte (Radøy kommune)

Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande, vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som underskotsgaranti eller direkte tilskot.

For meir informasjon, sjå <https://radoy.custompublish.com/kulturmidlar>

### Gjensidigestiftelsen

Gjensidigestiftelsen deler ut midlar til lag og organisasjonar som er registrerte i Brønnøysundsregisteret. Dei støtter tiltak innanfor meistring, tryggleik og læring, sosial inkludering og mangfald, fysisk aktivitet og kosthand. Søknadsfrist er 15. september. Les meir på:

<http://www.gjensidigestiftelsen.no/>

### Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning «Tilskot til kulturtiltak – amatør» og «Tilskot til kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell» har søknadsfrist 1. september.

Les meir om desse og andre tilskotsordningar på <http://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/>.

### Turskiltprosjektet

Hordaland fylkeskommune har varsla at det vert ein ekstra søknadsrunde for turskiltprosjektet i 2017. Søknadsfrist vert 15. september. Les meir på: <http://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/turskiltprosjektet/>



*Balanselina som er sett opp ved ungdomsskolen er støtta av Gjensidigestiftelsen.*

# KULTURPOSTEN AUGUST 2017

## Kulturprisen 2017

Kulturprisen vert gjeven til einskildpersonar, grupper, organisasjonar og lokale institusjonar for aktivt, frivillig kulturarbeid over lang tid. Profesjonelle kulturarbeidarar som driv kulturverksemd på nasjonalt nivå, eller som gjennom særse gode einskildprestasjonar har utmerka seg, kan òg få kulturprisen. Her skal det leggjast vekt på om arbeidet eller prestasjonane gjev positive ringverknader lokalt. Kulturprisen skal ikkje tildelast landsomfattande organisasjonar/institusjonar og heller ikkje personar tilsette i slike organ. Den eller dei som får kulturprisen skal bu eller verka i Radøy kommune. Ingen einskildperson kan få prisen meir enn ein gong.

Forslag til kulturprismottakarar kan fremjast av innbyggjarar eller lag og organisasjonar heimehøyrande i Radøy kommune. Forslaga skal vera grunngevrne.

Frist for å koma med framlegg på kandidatar er sett til 25. august. Framlegga skal sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)



*Kulturprisen 2016 vart tildelt Torstein Aagaard-Nilsen.*

